

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
27.04.2017

Kopi til: Ordfører
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 03.05.2017 kl. 16.30 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 07/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.02.2017
- « 08/17 - Kvaliteten på drikkevatt i private vassverk, avfallsdeponering i Furlia, sosial dumping – rådmannen orienterer
- « 09/17 - Eventuelle andre orienteringar
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 13.02.2017, kl. 16.30
Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Janne Gommesen, Pål Aarsæther
og varamedlem Arnstein Sæthre.

= 5 voterande

Elise Marie Backlund Stavset hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn 3 tema under eventuelt.

SAK 01/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16.11.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16.11.2016 blir godkjent.

SAK 02/17 DIVERSE TEMA TIL OPPFØLGING – LEIAR ORIENTERER

Leiar viste til at kommunen ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding og kom inn på føresetningane om dette i plan for selskapskontroll. Han kom også inn på kontrollutvalet sitt budsjett for kurs og opplæring. Kontrollutvalet hadde sendt inn eit forslag på 50.000 kroner.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet etterlyser eigarskapsmelding for Skodje kommune

2. Det kan vere grunnlag for å sjå næare på saksbehandlingsrutinane som er nytta når det gjeld kontrollutvalet sitt budsjett. Kombinert med dette kan utvalet sine medlemmar vurdere ein dialog med sine partigrupper om kontrollutvalet sitt behov.

SAK 03/17

ORIENTERING FRÅ SEKRETARIAT OG REVISOR

Dagleg leiar i kontrollutvalsekretariatet orienterte litt med bakgrunn i utkast til kontrollutvalet si årsmelding samt framlegg til årsplan. Det vart også vist til arbeidet i styringsgruppa for Nye Ålesund kommune når det gjeld kontrollutvalsekretariatet som no ser ut for å bli behandla i samanheng med dei andre interkommunale selskapa. Det vart også orientert om tilsetjing av ny dagleg leiar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte om årsrekneskap, årsmelding og fristar. Han kom også inn på ein selskapskontroll av ÅRIM IKS, ein forvaltningsrevisjon som vil bli levert i løpet av våren.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/17

ÅRSMELDING 2016 SKODJE KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 06.02.2017

Inge Øye sette fram forslag om eit ekstra punkt i årsmeldinga. Dette lydde slik:

Kontrollutvalet ser ikkje at kommunestyret handla i samsvar med ei tillitsskapande forvaltning og høg etisk standard, då det vedtok å ikkje la alternativet «Eigen kommune» vere med i folkerøystinga om kommunesamanslåing. Å røyste blankt er ikkje det same.

Leiar sette fram forslag om erstatte ordet «får» med ordet «fekk» i andre avsnittet under «Aktiviteten i året» Setninga begynner då slik: *Kommunestyret fekk dermed høve til -----*

I tredje siste avsnitt fremma han forslag om å stryke 2. og 3. setning. Ut i frå dette vil avsnittet lyde slik: *Skodje kommune har fått reglement for kontrollutval i året som gjekk. Det blir vist til sak 18/16 i kontrollutvalet.*

Ved votering fall Inge Øye sitt forslag med 4 mot 1 røyst. Leiar sine 2 forslag vart samrøystes vedtekne.

SAK 05/17

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET

Saksdokument frå kontrollutvalgsekretariatet datert 06.02.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsplan for 2017 slik som går fram av punkt 1, 2 og 3 ovanfor. Årsplanen kan bli revidert etter behov.

06/17

MULIGE TEMA TIL NESTE MØTE

(Saka kom opp under eventuelt)

1. Kvaliteten på drikkevatn i kommunen
2. Avfallshandtering på Furlia.
3. Kontroll med svart arbeid og sosial dumping

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen bli kalla inn til neste møte for å orientere om desse emna, om kommunens ansvar og tilsynsplikt m.v.

Når det gjeld kvalitet på drikkevatn vil kontrollutvalet avgrense temaet til vassforsyning som ikkje er tilknytt det offentlege vassverket i Skodje kommune og då på følgjande:

- Har kommunen kontroll på dei forskjellige drikkevannskildene som blir nytta?
- Kva gjer kommunen for å bygge ut vassleidningane til område som no ikke er dekt?

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Arnstein Sæthre
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i
Skodje kommune

Dato: 27.04.2017

SAK 08/17

**ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM KVALITETEN PÅ DRIKKEVATN I
PRIVATE VASSVERK, AVFALLSDEPONERING I FURLIA, SOSIAL DUMPING –
RÅDMANNEN ORIENTERER**

Når det gjeld drikkevattn bør temaet omhandle:

- Har kommunen kontroll på dei forskjellige drikkevannskildene som blir nytta?
- Kva gjer kommunen for å bygge ut vassleidningane til område som no ikke er dekt?

Når det gjeld Furlia er kontrollutvalet interessert i om avfallsdeponeringa er tilfredsstillande, om kontrollar som er utført, eventuelle pålegg frå fylkesmann m.v.

Når det gjeld sosial dumping ønskjer kontrollutvalet å bli informert om kva for kontrolltiltak og kva krav som kommunen stiller til entreprenørar som utfører arbeid for kommunen.

Harald Rogne
dagleg leiar